

Velkommen

Til deg som skal føde ved Ålesund sjukehus

Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Fødeavdeling: 70 10 59 40
Barselavdeling: 70 10 59 30
Barselhotell: 70 10 66 99
Ammepoliklinikk: 70 10 59 66 / 70 10 59 26

For meir informasjon sjå internettsidene:
www.helse-sunnmore.no
www.ammehjelpen.no



Til deg som skal føde ved Ålesund sjukehus

Informasjon

Ved innlegging

Vi set pris på at du ringer fødeavdelinga før du kjem til sjukehuset (Tlf.70 10 59 40/ 70 10 59 42). Parkering skjer på tilviste plassar ved sjukehuset si besøkparkerings. Parkeringsavgift betalast på etterskot med bankkort eller kontant. Veil. pris er p.t. kr. 80,- pr. døgn.

Du må ta med Helsekort for gravide, ultralydskjema, blodprøvesvar og eventuelt andre aktuelle opplysningar knytta til svangerskapet. Dersom du brukar medisinar, må alle takast med til sjukehuset. Det kan og vere greit å ha med morgenkåpe, behageleg tøy, innesko og toalettsaker. Du møter direkte i fødeavdelinga, og vert motatt av ei jordmor. Det vil vere erfarne jordmødre som tek hand om deg gjennom fødselen, ved behov samarbeidar dei med lege/gynekolog.

Pengar og verdisaker tek du med på eige ansvar. Sjukehuset er i dei fleste høve ikkje ansvarleg for pasienten sine verdisaker eller pengar. I barselavdelinga har vi nokre låsbare skap som kan nyttast ved behov.

Under opphaldet kan du bruke eigen mobiltelefon. Dersom du har telekort kan du og nytte telefonen som er plassert i korridor mellom føde- og barselavdelinga.

Far/partnar og søsken er velkommen i barselavdelinga og i barselhotellet. I barselavdelinga er det kviletid for mor og barn mellom kl.13.00-15.00.

Etter fødselen

Sjukehuset har to barselavdelingar. I tillegg til den ordinære barselavdelinga i 8.etg. er det 8 sengar ved pasienthotellet for barselkvinner. Det er innreia rom for mor, far/partner og det nyfødde barnet. Søsken er velkommen på besøk, men det er ikkje rom for dei til overnatting. I den ordinære barselavdelinga vert og gravide som treng observasjon/behandling innlagt.

Friske kvinner som føder normalt, skal som hovedregel tilbringe barseltida ved barselhotellet. Medisinske kriterier vert nytta for å avgjere om mor og barn skal opphalde seg ved barselhotellet eller ved barselavdelinga. Overflyttinga skjer vanlegvis 3-4 timar etter fødselen.

Begge barseleiningane er bemanna med jordmor og barnepleiar, som tilbyr mellom anna ammeveiledning og samtalar.

Opphald ved barselhotellet kostar, for far/partner, p.t. kr 482,- pr.døgn. Det inkluderar heildøgns pensjon. Kun overnatting med frukost kostar p.t. kr 282,-.

Friske fleirgongsfødande med friske born vert utskreven 2. dag etter fødsel. Friske førstegongsfødande med friske born vert utskreven 2.-3. dag etter fødselen (etter ca 60 timar). Liggetid etter keisersnitt er vanlegvis 3 døgn. Det vert gjort individuelle omsyn i samarbeid med lege/jordmor. Før heimreise vil alle barselkvinner få tilbod om utreisesamtale med jordmor.

Dei 2 første vekene etter fødselen kan du ved behov kontakte ammepoliklinikken for veiledning (Tlf: 70 10 59 66 / 70 10 59 26).

